



# Øystre Slidre kommune

Sektor for kultur utvikling og næring

2940 Heggnes

Landbruks- og matdepartementet  
Postboks 8007, Dep

0030 OSLO

Dykkar ref.:

Vår ref.:

MOELIV - 06/1424

Arkiv:

K50

Vår dato:

13.10.2006

## Endring i forskrift om seter og tilleggsjord i statsallmenningene. Merknad til høringsopplegg

Vedlagt følger samla saksframstilling.

Med helsing


*Liv B. Tyskeberg Moen*  
Liv Bodil Tyskeberg Moen  
Sekretær

### Kopi til:

Vestre Slidre kommune  
Øystre Slidre fjellstyre

2966 SLIDRE  
2940 HEGGENES

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2006/1576	Doknr.: 4
Mottatt: 16 OKT 2006 ASR/SFB	
Saksbehandler: ASU	Arkiv: 483.2
Kopiert:	Avskrift:



# Øystre Slidre kommune

## Saksframlegg

<b>Saksbehandlar:</b> Ola Hålimoen
<b>Arkivsaksnr:</b> 06/1424
<b>Arkiv:</b> K50
<b>Tlf:</b> 61 35 25 00

**Behandla av:**

Nemnda for kultur, utvikling og næring

**Møtedato**

11.10.2006

**Saksnr:**

059/06

### Endring i forskrift om seter og tilleggsjord i statsallmenningene. Merknad til høyringsopplegg

Utskrift til:

**Vedlegg:**

Høyringsbrev vedlagt utkast til ny seterforskrift dat. 08.06.06.

Oversikt over høyringsinstansar i følgje dokument på landbruksdepartementet si heimeside.

Uttale frå Øystre Slidre fjellstyre dat. 10.02.03.

**Bakgrunn**

Sektornemnda for kultur, utvikling og næring (KUN) har i samband med orientering om seterforskrifta og pågåande arbeid med endring av denne bedt rådmannen utarbeide saksframlegg som grunnlag for merknad til høyringsopplegg.

**Saksopplysningar.**

Landbruksdepartementet har sendt utkast til endring av seterforskrifta ut på høyring med høyringsfrist 1. november 2006. Høyringsinstansar er : aktuelle fylkesmenn, allmenningsstyra, fjellstyra, miljøverndepartementet, Noregs bondelag, bonde- og småbrukarlaget, Noregs fjellstyresamband, områdestyra for reindrifta i Trøndelag, riksantikvaren, statens landbruksforvaltning og statsskog SF.

Framlegg til endring bygger i hovudsak på rapport/innstilling (udatert) frå nedsett arbeidsgruppe. Fjelloppsynsmannen i Ø. Slidre statsallmenning Reidar Gran har vore medlem av arbeidsgruppa.

Vesentlege endringar i høyringsutkast er knytt til lemping av vilkåra for utvising av støl og at det også bør bli noko enklare å få bygge om eller ominnreie bygning på støl som det ikkje lenger er behov for til stølsformål. M.o.t utvising av støl er det framlegg om at det ikkje lenger skal vera krav om mjølkeproduksjon. Departementet understrekar vidare at det også er rom for endringar innanfor rammene av gjeldande forskrift ved endring av praksis, jfr. Fjellova § 2 fyrste ledd.

Øystre Slidre kommune har i samarbeid med stølseigarane gjennomført ei omfattande kartlegging og dokumentasjon av m.a. beitebruk, biologisk mangfald og kulturmiljø i

at stølsområda i Øystre Slidre framleis er viktig grunnlag for den tradisjonelle landbruksdrifta. Ei overordna målsetting har vore at denne dokumentasjon skal danne viktig grunnlag for berekraftig bruk, planlegging, forvaltning og næringsutvikling i stølsområda.

I Øystre Slidre er det store brukarinteresser i statsallmenningen knytt til tradisjonelt landbruk. Data frå stølsprosjektet syner at det i 2005 var 32 støslag i statsallmenningen og 25 av disse hadde aktiv drift med mjølkeproduksjon med totalt 639 mjølkeku og 145 mjølkegeit. Tilsvarende tal for heile kommunen var høvesvis 1005 mjølkeku og 715 mjølkegeit. I tillegg kjem vel så mange ungdyr/kalvar/kjøtfe og vel 5000 sau. Samla tal på bruk med støl innanfor statsallmenningen var i 2003 ca. 200. Dei største areala med fulldyrka mark og flest dyr heilt eller delvis på innmarksbeite finn ein i søre del av området.

**Rådmannen legg saka fram for KUN-nemnda utan forslag til vedtak.**

#### **11.10.2006 Nemnda for kultur, utvikling og næring**

##### **Behandling:**

KUN nemnda la fram slikt forslag til vedtak:

I Øystre Slidre er det store brukarinteresser i statsallmenningen knytt til tradisjonelt landbruk. Nemnda for kultur, utvikling og næring beklagar sterkt at Øystre Slidre kommune ikkje har vore høyringsintans i denne saka.

##### **KUN-059/06 Vedtak:**

I Øystre Slidre er det store brukarinteresser i statsallmenningen knytt til tradisjonelt landbruk. Nemnda for kultur, utvikling og næring beklagar sterkt at Øystre Slidre kommune ikkje har vore høyringsintans i denne saka.

Rett møtebok:

*Kirsten Fløystad*